

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

<b>Dato</b>	03.04.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/28987-14
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Geir Sverre Andreassen
<b>E-post</b>	Geir.Sverre.Andreassen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90202693

## Svar på søknad om redusert fartsgrense - Masfjorden kommune

Vi viser til vedlagte skriv der de ber oss vurdere fartsgrensene på 7 ulike vegstrekningar langs fylkesvegane i kommunen. Fylkeskommunen har funne det mogleg etter gjeldande fartsgrensekriteria å fremma forslag om særskild fartsgrense 40 km/t på fv. 570 frå Sandnes skule til Masfjordnes ferjekai. På fv. 5436 frå krysset ved fv. 570 i Hosteland til Midtbø.

Vi vil også fremma forslag til Statens vegvesen om særskild fartsgrense 60 km/t langs fv. 570 på strekninga Nordkvingo til Sørkvingo

Statens vegvesen har treft vedtak om:

- Særskild fartsgrense 40 km/t ved Nordbygda skule.
- Særskild fartsgrense 60 km/t gjennom Mjanger.
- Særskild fartsgrense 60 km/t ved Furebotn.

Vi finn det diverre ikkje mogleg etter gjeldande fartsgrensekriteria å fremma forslag om 60 km/t langs fv. 570 frå Hostelandtunellen til Areklettvegen.

Vi har vurdert vegstrekningane etter [Vegdirektoratets Fartsgrensekriterier 2022](#) slik:

1. Fv. 570 reduksjon av fartsgrensa på strekninga Sandnes skule – Masfjordnes ferjekai.
  - Strekninga ligg utanfor tettbygd strok; ved Sandnes skule er det etablert 3 fartshumpar og fartsgrensa er 40 km/t langs strekninga [FV570 K S3D1 m7421 – m7726](#). Særskild fartsgrense 50 km/t gjeld frå Sandnes [skule FV570 K S3D1 m7726 til Masfjordnes ferjekai m8768](#).
  - Etter fartsgrensekriteria **2.5 Kriterier for bruk av fartsgrense 50 km/t** utanfor tettbygd strok, kan det under pkt. **3 Korte strekningar med særskilte behov** vera mogleg å fremma forslag om lågare fartsgrense enn 50 km/t, både på grunn av vegens geometriske utforming, dårleg sikt og høgare aktivitet ved kommunesenteret.
  - Vi vil etter dette freista å fremma forslag til Statens vegvesen om samanhengande særskild fartsgrense 40 km/t på strekninga [FV570 K S3D1 m7421-m8768](#). Saka vert sendt til Statens vegvesen så snart vi får utarbeidd skiltplan.
2. Fv. 570 reduksjon av fartsgrensa ved Nordbygda skule og barnehage.
  - Statens vegvesen har treft vedtak om særskild fartsgrense 40 km/t på strekninga [FV 570 S6D1 m 2021 til S6D1 m2425](#). Det vert i tillegg bygd 2 fartshumpar på strekninga for å sikra tilstrekkeleg lågt fartsnivå ved haldeplassane og kryssingspunktet.
  - Tiltaket er bestilt utført gjennom vår prosjektavdeling.
3. Fv. 570 reduksjon av fartsgrensa på strekninga Nordkvingo – Sørkvingo.
  - Etter fartsgrensekriteria **3.2 Kriterier for bruk av fartsgrense 60 km/t** og bruk av tilhøyrande berekningsmodell for å vurdering av behov for 60 km/t, finn vi det mogleg å fremma forslag til Statens vegvesen om samanhengande særskild fartsgrense 60

km/t på strekninga [FV 570 S2D1 m1565-m5065](#). Saka vert sendt til Statens vegvesen så snart vi får utarbeidd skiltplan.

4. Fv. 5436 reduksjon av fartsgrensa frå krysset fv. 570 til Midtbø.
  - Strekninga ligg utanfor tettbygd strok: Etter fartsgrensekriteria **2.5 Kriterier for bruk av fartsgrense 50 km/t** utanfor tettbygd strok, kan det under pkt. **3 Korte strekninger med særskilte behov** vera mogleg å fremma forslag om lågare fartsgrense enn 50 km/t, både på grunn av vegens geometriske utforming, og at den går gjennom fleire gardstun der bustadar og driftsbygningar ligg tett til vegen.
  - Vi vil etter dette freista å fremma forslag til Statens vegvesen om samanhengande særskild fartsgrense 40 km/t på strekninga [FV 5436 S1D1 m0-m540](#). Saka vert sendt til Statens vegvesen så snart vi får utarbeidd skiltplan.
5. Fv. 570 reduksjon av fartsgrensa på strekninga Hostelandstunellen – Areklettvegen
  - Etter fartsgrensekriteria **3.2 Kriterier for bruk av fartsgrense 60 km/t** og bruk av tilhøyrande berekningsmodell for å vurdering av behov for 60 km/t, finn vi det diverre ikkje mogleg å fremma sak om redusert fartsgrense på strekninga [FV570 S6D1 m4193 – m5200](#).

Etter ynskjer frå dykkar tilleggssøknad:

1. Fv. 570 redusert fartsgrense gjennom Mjanger
  - Statens vegvesen har treft vedtak om at særskild fartsgrense 60 km/t skal gjelde på strekninga [FV 570 S2D1 m 6950 til S2D1 m8400](#).
  - Skilting er bestilt utført gjennom vår driftsavdeling.
2. Fv. 571 redusert fartsgrense i Furebotn.
  - Statens vegvesen har treft vedtak om at særskild fartsgrense 60 km/t skal gjelde på strekninga [FV 571 S2D1 m 5380 til S2D1 m6450](#).
  - Skilting er bestilt utført gjennom vår driftsavdeling.

Med helsing

**Linda Beate Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Geir Sverre Andreassen**  
overingeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 **Søknad om endring av fartsgrenser på fylkesveggar i Masfjorden kommune.pdf**
- 2 **Tilleggssøknad - Endring av fartsgrenser på fylkesveggar i Masfjorden kommune.pdf**

Kopi til:

Christian Stokke Rye

Andreas Sivertsen Våge